# Grensesetting

<table>
<tr><th>Det du viser på skjermen:</th><th>Handling</th><th>Tips</th></tr>
<tr><td>Opne sida</td><td colspan="2">Introduser måten å jobbe på:<br><br>Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmane og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i barnehagen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Vis filmen <u>Grensesetting som fremmer god utvikling - YouTube</u></td><td>Du kan gjerne gjere klar filmen på førehand, sørg for at alle ser og høyrer. Sjå i fullskjerm, og bruk esc-knappen for å kome tilbake til sida.</td></tr>
<tr><td colspan="3">Her kan de velje mellom to ulike oppgåver, eller de kan gjere begge to.</td></tr>
<tr><td>
</td><td colspan="2">Kva er summen av alle «grenser» som angår barnet i barnehagen?<br>Del ut ark som 2-6 jobbar saman med i grupper. Peik og forklar oppgåva før de startar opp. Og gi gjerne nokre eksempel som passar i din barnehage.<br><br>De kan godt gjere drøftingspørsmåla saman:<br>- dukka det opp nokre overraskingar når de rydda i desse boksane?<br>- har de dei reglene, rutinane og den kulturen de ønsker å ha?<br>- er det noko i dei de kan endre, som det er hensiktsmessig for barna at de endrar?</td></tr>
<tr><td>
</td><td colspan="2">Sjølvfølelsen vår vert forma etter korleis andre ser på oss, snakkar til oss og er med oss.<br>Difor er det viktig at vi er medvitne korleis vi er i møte med barn.</td></tr>
<tr><td>
<table>
<tr><td>1</td><td>Kva måtar å møte barn sine handlingar på kan svekke barn sin sjølvfølelse, og dermed minke sjansen for at dei klarer å velje gode veremåtar/gode handlingar vidare:</td></tr>
<tr><td>2</td><td>Kva måtar å møte barn sine handlingar på kan styrke barn sin sjølvfølelse, og dermed auke sjansen for at dei klarer å velje gode veremåtar/gode handlingar vidare:</td></tr>
<tr><td>3</td><td>Når barnet har gjort noko som ikkje er greitt, og vi må sette grenser kva måtar kan vi møte dei på som fortatt styrkar barnet sin sjølvfølelse?</td></tr>
<tr><td>4</td><td>Kva skal til for at vi skal klare å møte barn slik vi har skildra i 2 og 3?</td></tr>
</table></td><td colspan="2">Del ut ark som 2-4 jobbar med saman i grupper. Kanskje vil nokon synes det er fint med eksempel på svar:<ul><li>På 1 kan det til dømes vere: kjeft, ignorering eller «tenkestol».</li><li>på 2 kan det til dømes vere: lytte, bekrefte følelsar, hjelpe å meistre.</li><li>På 3 kan det til dømes vere: vere roleg, snakke med mild og vennleg stemme, hjelpe barnet til å gjere noko som er rett og bra.</li><li>Spørsmål 4 kan de gjerne diskutere saman.</li></ul></td></tr>
<tr><td colspan="3">Felles refleksjon: er det noko av dette vi tenker vi bør følgje opp? Korleis?</td></tr>
<tr><td>Grå boks øvst – lær meir om dette</td><td>Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.</td><td></td></tr>
</table>